

Flokefull veg
Frå fyrndetid
Til desse steg
Du og eg

Flokefull veg
Frå fyrndetid
Til desse steg
Du og eg

Ve du meg æra?
Kun for ei natt
Skinnet ditt bæra?
Du fengje det att

Eg hamen deg lende
Kun for ei natt
Eg krev han attende
Avgjerda tatt!

Hamen magna
Trekkje som tolv
Eg kunne òg trenga
Ditt lodne skjold

Hamen din aukar
Tyngre di bør
Du skulle helst ynskje
At alt var som før?

Hugsterk i hovud
Tenkje som ti
Eg kunne òg trenge
Å fylgje din sti

Hugen din aukar
Tenkjer som meg
Du skulle nok nytta
Å trå mine steg

Gå ved di side
Ell' ryggjen ri
Eg kunne òg trenga
Å Kvila i hi

Gå ved mi side
Ell' ryggjen ri
Du kunne òg trenga
Å Kvila i hi

Eit skifte på veg
Eg kjenner kvart steg
Det kvervande hjul
Kallar i meg
Gå under jord
Byrje på ny
Fylgje din sti

Kvila i hi